



LYNGMO GLYTTE

JANUAR 2023



Lars Inge helse

Pusterom

Songleir!



Indremisjonforbundet



Misjonssambandet

Helsing frå Lyngmo

Då sit eg her og skal skriva ei siste helsing før eg trer av og gjev plassen tilbake til Kjetil. Eg må få byrja med å sei at eg er utruleg takknemleg for at eg har fått jobbe på Lyngmo dette halvanna året og har trivds veldig godt saman med både tilsette, frivillige, leirdeltakarar, turistar, selskapsgjester og alle andre som har vore innom Lyngmo denne tida!

Det kjennes både merkeleg og godt å skulle trekke seg tilbake no. Å forlate Lyngmo og alle dei kjekke arbeidskvardagane blir leit, samtidig som det er godt å kunne gli inn i siste rest av studenttida med ein del mindre ansvar, og kunne nyte litt pappapermisjon sjølv om eg skal studere i tillegg. Tida på Lyngmo har vore både krevjande, utfordrande og spennande, og eg har lært utruleg mykje!

Høgdepunkta for min del har vore mange. Det å sjå at leirane fyllest opp med veldig mange ungar, og at mange kjem på leir for fyrste gong er kjekt! Me har hatt arrangement som har utfordra på total kapasitet både på huset, hyttene og campingen. Menig-

Mitt bibelvers

Madeleine Kleppe Holgersen
14 år, Balestrand

Vær ikke bekymret for noe! Men legg alt dere har på hjertet fram for Gud. Be og kall på han med takk.

Filipperene 4.6



hetsweekendar med nye menigheter, og mange kurskveldar med forskjellige grupperingar frå lokalmiljøet. Og sjølv om sommaren var travel er det òg kjekt å sjå at det er så mange turistar frå heile verda som hadde lyst til å koma til Lyngmo og var godt nøgde med opphaldet då dei reiste igjen.

Økonomisk har det vore ei spennande tid med Korona, varierende straumprisar, avlyste arrangement og usikre tider. Men på Lyngmo har me vore heldige og kome godt ut av det til slutt. Periodevis har det sett usik-



CROSSROAD
2023
17.-20 februar

kert ut både med auka utgifter og minka inntekter, men på grunn av gode statlege og kommunale tilskotsordningar, mykje turisme, fantastiske tilsette som har ytt ekstra heile vegen og glade gjevarar har me kome veldig godt ut av perioden. No ser me framover mot mykje kjekt i det nye året, og det er fleire oppgraderingar på gong både ute og inne. Det blir kjekt å sjå resultatata etter kvart som det vert ferdig!

Blant anna fekk eg akkurat telefon frå transportfirma som ville koma med dei fire nye båtane våre. Det blir kjekt når me får båtar som deltakarane på leir sjølv er i stand til å ro!

Eg vil ynskje dykk alt godt og Guds signing i det nye året!

Helsing avtroppande dagleg leiar, Lars Inge



Tusen takk for at de er med å bidrar i arbeidet og er med å be for arbeidet!

Andakt

I løpet av ein dag er det veldig mange ulike ting som kjemper om oppmerksomheten vår. For min del kan det vere alle tinga som eg tenker at eg burde gjere, medan telefonen gir beskjed om meldingar, varslar på sosiale medier og andre appar, eller telefonar som kjem inn. Andre gonger forsvinn eg inn i andre verderar, der nokon andre finn på historiene. Alle desse tinga held meg frå å gjere alle dei tinga eg burde gjere, alt frå å rydde, til å gjere ferdig oppgåver, eller bruke tid med Jesus. Kvifor fortel eg dette? Jo, fordi eg trur at sjølv om det ikkje er dei same tinga som tek di tid, at det er noko som gjer det. Med dette vil eg berre bruke sjan-

sen til å oppfordre deg til å sette av litt tid til Jesus kvar dag slik at det ikkje er den tida som til slutt vert vekk prioritert. I 1. Krønikebok 16.11 les me «Spør etter Herren og hans makt, søk alltid hans andlet!» Dette betyr at me kan søka han kor me enn er, så om det er på morgon, mens du et eller går, køyrer eller sit på bussen, så kan me søka han. Ein må ikkje vere i kyrkja, eller åleine heime, me kan snakka med Jesus kor som helst, når som helst! Eg ber om at du skal få vokse djupare med Jesus i den komande tida, ved å bruka avsett tid med Han. Gud velsigne deg, og året som kjem.

Du o`store Loppemarknad

Loppemarknaden på Lyngmo lukka dørene i haust med eit mini utsal noko som ikkje stod i stil til slik som det har vore. Når me snur oss å ser tilbake på alle dei flotte åra med loppemarknad, ser me dagar med fullt hus, med mykje engasjement og mengder på mengder med lopper. Og når det er det me ser tilbake på kan det vere litt vanskeleg å forstå kvifor loppemarknad kapittelet no er slutt.



Dette har vore ein bestemming mellom fleire partar, som har grunna i fleire ting; det er eit arrangement som krev utruleg mykje dugnads-krefter og arbeidstimar, ein stor komité som kan fordele oppgåvene slik at det ikkje vert så mykje på den eine, eldsjeler og mykje (og då meiner me mykje) lagringsplass. Der- som ikkje alle desse elementa er på plass vert arbeidsbelastninga for stor for dei som står i det.

Sjølv om det er noko vemodig å leggje ned eit arrangement som har vore så lenge, gler me oss over å få sjå tilbake på ca. 15 år med Loppemarknad på Lyngmo der me har fått ynskja Lyngmo-

vener, hafsløbygdingar, lustringar og sogn- dølar velkomne til Lyngmo, samt studentar og andre frå nært og fjernt. Det har vore travelt, me har stressa, men me har og kosa oss, smilt og ledd. Loppemarknaden på Lyngmo vil for alltid vere eit arrangement som er inn- skrive i historiebøkene til Lyngmo og det er ingen tvil om at det har engasjert mange gjennom tidene. Til komiteen, alle som har vore med på dugnad, levert lopper og elles har bidratt, tusen takk! Bidraget har ikkje gått umerka, det hadde aldri vore så mange loppemarknader på Lyngmo utan dykk. Til komiteen, hadde det ikkje vore for dykk alle hadde det ikkje vore Loppemarknad på Lyngmo, og er det nokon som har jobba og lagt sin tid og energi ned i Loppemarknaden så er det dykk. Det kjennes nesten vagt å sei; tusen takk for innsatsen, men verkeleg, tusen takk for det enorme bidraget de har hatt inn mot Loppemarknaden!



Pusterom

Det var, i år som i fjor, veldig fint å få vere med på Pusterom på Lyngmo. Det er som tittelen seier, eit pusterom frå kvardagen. Om ein er student med innleveringar hengsande over seg, eller ein er inne i ein travel arbeidskvardag, så kan ein få legge dette frå seg og rette fokuset på Jesus. Helga var prega av godt felleskap, stilletid og undervising om gode kvardagsrytmer: Bibel, bøn, brorskap



og brødsbrytinga. Det som sit sterkast att for meg, er viktigheita av det kristne fellesskapet, noko som alltid slår meg når vi samlast slik. Det er noko heilt spesielt å komme saman i Jesu namn, å vere sårbare, og å kunne be for kvarandre og oppmuntre kvarandre i trua.

Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far. Kolossarane 3:16-17

Om du har moglegheit neste haust: bli med!
Helsing Ingrid Svortevik Birkeland

Barne og ungdomsleirar i haust!



Barnas Songleir!

For ein leir, me hadde det så kjekt saman i november! «Ingen er alene», «Fritt fram» og «Kan'ke sitte stille mer» er sanger som me ikkje berre sang med stemmene, men som fekk seie sanningar inn i hjertene våre. Sanningar om at Gud er vår Far og elsker oss, at me aldri er aleine, om at det er fritt fram og at me er velkomne til Gud! Hildegunn Vederhus har lang erfaring som barne- og lovsangsleiar, og leia barna på ein måte som gjorde at det vart ei fin helg for alle! Tusen takk til ho og leiarane som var med! Me avslutta leiren med ein konsert for venner og familie, og det var nokre tårer i augekroken når barna sang siste sangen «Lær meg Far». Albumet hennar, «Fritt fram» er tilgjengeleg på både iTunes og Spotify om nokon vil fortsetje å høyre på sangane frå helga!



Leirtravaren

Namn: Lenea Lind

Alder: 8 år

Kjem frå: Kaupanger

Har de vore mange ganger på leir?

Ja, mange! Minst 7 gonger!

Kva er det kjekkaste du gjer på leir?

Kiosken er kjekkast, og leirkveld!



Ny Barne- og Ungdomsarbeidar!

Me er så heldige at Debbie Eikum skal bli ansatt som barne- og ungdomsarbeidar i 80 % stilling f.o.m. 1.mars 2023. Vivian Rosvold har sagt opp frå 01.04.23 då ho og familien skal reise utenlands til sommaren. Debbie er motivert og gler seg til å bli kjent med alle som kjem innom Lyngmo! Ho har ulik arbeids-erfaring innen både NAV, skule og opplæring. Ho har mann og 3 barn og er busett på Hafslo. Debbie er allereie i gang med litt opplæring i samband med enkelte arrangement. Ta godt imot ho og ver gjerne med å be om Guds signing over ho og familien!



Kva skjer?

JANUAR 2023

16. Knøttekor&Klubben

26. Småbarnstreff

30. Knøttekor&Klubben

FEBRUAR 2023

9. Småbarnstreff

13. Knøttekor&Klubben

17.- 20. Crossroad (8 kl- 19 år)

23.-26. Leir for 4.-7. klasse

MARS 2023

6. Knøttekor&Klubben

9. Småbarnstreff

17.-19 Leir for 2.-4. klasse

20. Knøttekor&Klubben

23. Småbarnstreff

24. Vårbasar

26. Smak og Sjø

31.-3. Familieleir i Palmehelga

APRIL 2023

17. Knøttekor&Klubben

18. Medarbeidarfest

20. Småbarnstreff

MAI 2023

4. Småbarnstreff

8. Knøttekor&Klubben

16. Ungdomsarrangement: 16 mai feiring

22.-25. Vi over 60

JUNI 2023

1. Småbarnstreff

2.-4. Leir for 2.-4. klasse

9.-11. Ungdomsleir (8. kl- 3.vgs)

15. Småbarnstreff

16.-18. Leir for 4.-7. klasse

JULI 2023

2.- 9. Bibelsommar i Vest

Minnegåve: Tusen takk for
gåva som vart gitt i samband
med gravferda til
Ragnhild Holsæter!

Ta med barnelaget til Lyngmo!

Mat, andakt v/ bua på Lyngmo, leik og
aktivitet. Ta kontakt så finn me eit
passande tidspunkt!

Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

Leirane

17.-20. februar Crossroad 1095,-
(8. kl til og med 19 år)

23.-26. februar 4.-7. klasseleir 940,-

17.-19. mars 2.-4. klasseleir 760,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2.

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest